FLATIN

KRING EIN
FLESBERG-PREST
VED 1700-TALE

m
948.2642
FLA

HOLE FOLKEBOKSAMLING
4013
Nasjonalbiblioteket Depotbiblioteket

Tov Flatin

Kring ein Flesberg-prest ved 1700-tale

Utgjevi av Numedal sogelag.

DRAMMEN FOLKEBIBLIOTEK
BUSKERUD FYLKESBIBLIOTEK

„Kongsberg Dagblads" prenteverk 1915.

m
948.26
F
IX.2

Kring ein Flesberg-preſt
ved 1700-tale.

Claus Jocumſøn Hintz.

Millom preſtane i gamall tid finn ein mange orginalar. Sume fer med trolldom, andre er kjempekarar og ſet ſtøkk i folk med det. So kann det vera dei, ſom held ſeg meir til Vinguden enn bibelens Gud, eller dei dyrkar mamon væl mykje og flaar dei ſtakars ſokne-bonni ſine meir enn godt gjerer. Sume preſtar hadde ein ſers hug til byggje — byggje kyrkjur og lyſe upp paa preſtegardane — plent ſom me høyrer, at ſume av pavane hadde ſlik byggjehug. So kunde det vera dei, ſom hadde meir hug og hagleik til bruke p e n n e n enn vanleg var, daavisſt i eldre tider.

Ein ſlik ein var C l a u s J o c u m ſ ø n H i n t z, ſom eg her ſkal fortelja litt um.

Han var fødd i Skien den 5. mai 1641. Erik Turmann, ſoknepreſt i Sandsvær 1676—1721, var ſyſtſkinbaane hans.

Den 28. mars 1688 vart han vigd til

kapellan hjaa soknepreſt Anders Hansſøn Holt i Flesberg. I ei altarbok, utgjevi av Peder Paladia ſkriv han: „Jeg ſang min førſte Meſſe i Flesberg Kirke 1688.“

Daa Holt døde vart Hintz ettermannen hans. Soknepreſten i Rollag, Peder Larsſøn Opdal, ſette honom inn i embæte fyſſte ſundag etter trieiningshelgi 1689.

Hintz var tvo gongur gift.

Fyſſte venda var det med Magdalene Andersdttr. Brant Ho var fødd i Bragernes 4 aug. 1669 Dei vigde i Kriſtiania 22. oktbr 1690. Ho døde i Flesberg 16. mai 1700. Paa eit lauſt papirark i Flesberg preſtearkiv hev Hintz ſkrivi:

„Ved oventægnede Sl: Vidud-Matrones liig-Kiiſte i ſamme Sepultedes, under Altarſoeden, blev og min Salig Huuſtrues, Malene Anders-daatters, liig nedſatt den 25. Maji, 1700, og er der nu 3 liig i ſamme hvile-kammer, ok ej rum til fleere end een Kiiſte [1])

[1]) Næſt fyri paa ſame papirarke hev han ſkrivi:

„Den 27de Januarii 1690, bleff Anna Sl: hr. Nielsſes liig opført fra Kongsberg og nedſatt her udj Fledsberg Kirkke hos ſin Salig Mand, ſovende udj ſin jorde-hytte, under Altar gulvett. Gud ſamble dem begge po (paa) dend almindelige dombs dag med ære og fryd.“

Denne Anne var Anne Nilsdttr. f. Thune, gift med ſoknepreſt i Flesberg (1664—1683) Niels Rasmusſøn Lemvig (død 1683), ſom fyrr var gravlagd under Kyrkjegolve.

Flesberg, Pindseaften, da Jeg flittig besaae Sovestæden 1700.

Claus Hintz."

Paa ei tinplate med utskori raame ikring, som heng i sakristie i Flesberg hovudkyrkje, er denne gravskrifti inngravi:

Dyds Ære Stytte
Opreist paa
Dydens Graf:

Salig Magdalene Brant
Her Claus Hintses Egtemage
Da hun Endte Livets Dage
Her sit Legems Hvile fant
Kand Dyds Fuldkommenhed ei nogen Ret bebreve
Med Lives frist? Da er det ey at undres paa,
At dette Dydens Barn ej lenger Kunde Leve,
Men Hendes Dyde-Liif saa snart maa ende paa.
Om Gudsfrykt, Ærbarhed, og hvad der mæst Kand ære
Det Qvindelige Kiøn har nogen steds haft sted?
Da saaes mangfoldigt sligt af Herrens Haand at være
Som et sær Naadis Pund i denne Sicel lagt ned
Guds Aarons Øyne maa med Strømme-Flood vel flyde,
Som seer sin Dyde-Skat sit Huus at bæris aff!
Men i Hands saaret Sicel skal dette Trøstindgyde

At hun har idel Dyd til Blomster paa sin Graff.

Fød Anno 1669 til sidste Ære Døde Anno 1700
Den 4 Augusti aff Den 16 Maj
Jørgen Nielsøn Kongsberg.

Andre venda var han gift med Anne Hansdttr. Hoff, dotter til Hans Lauritsøn Hoff, sognepreſt i Sandsvær 1664—1675. Ho var fødd 11. febr. 1669 og døde i Flesberg 15. aug. 1717. Daa Hintz døde gifte enka seg uppatt med ettermannen hans i embæte, Jesper Clemetsøn, i 1706. Hr. Jesper var so hjelpeleg girug, og, etterſom det bli fortalt, var kje ho likare. Det er soleis sagt, at ho blanda upp smøre, dei skulde selja, med ost, og ved det vart presten so ille uti det, at han laut ta avskil.[1])

Hintz hadde inga bonn med nokon av konune sine.

Han hadde tvo kapellanar. Fyrst Christoffer Gregersøn, son til provst Greger Bergersøn i Brunla; men han var her berre eit snaudt aar. I eit opi brev, dagsett 16. juni 1700, set Hintz honom inn som sin hjelpesmann, „for Miin daglig tilvorende Alderdom, sambt dends paafølgende og befindende skrøbeligheds

[1]) Den sanne grunnen til, at Jesper Clemetsøn laut fraa embæte, var nok helst ein annan: Han skulde ha legi med eit kvende, som heitte Kari Torkelsdttr, og ho var kje god til tegja med det, og so kom det for oyra paa biskopen.

og svagheds skyld," skriv han. I løn skulde kapellanen ha 16 rdlr. i aare og kosten, „Klædetvæt, lius og varme," og attaat fri skjuss, naar han skulde til Svene aa preike eller i soknehöd. Det ser kje ut til vera stor løni dette, men so hadd'n no kje so stor inntekti aa snu paa soknepresten eller, som me sidan skal høyre.

Den andre kapellanen hans var fyrrnemde Jesper Clemetson, som og vart etternannen hans i embæte. Det var i 1704, han vart innsett.

Hintz skal ha vori ein mykje lærd mann. I den tid veit me latinen sat i høgsæte hjaa dei lærde. Me hugsar, koss det stend i visa um Holberg:

„Hver mann, som med kløgt gik i lærdom tilbunds,
latin paa papiret han malte" o. s. br.

Claudius Hintius, som han sjølv kallar seg, naar han fiktar um seg med lærdoms svipa, ser ut til ha vori sers væl heime i latinen. Det ligg att heile lessune etter'n med latinske vers og lærde utgreidingar. Og latinske glosur sprikjer han med rett som det er, um han brukar det vanlege danske skrivemaale au.

Som fyrr nemt, hev han havt ser hug til bruka pennen, og han hev sett merke etter seg i bygdesogo paa den maaten. Soleis er det han, som tok til halde ministrialbok for Flesberg. Ho byrjar med aare 1688 og er no

i Riksarkivet. Ho er kje stort større enn desse gamle Guldbergs salmebøkane. Her hev han ikkje berre ført inn slike ting, som vanleg plaga stande i ministrialbøkane, men au tekstine til likpreikur, feste- og brudevigjelsar, han hev haldi. Og fint og skipeleg er ho førd.

Likeins er det han, som tok til med aa føre kyrkjerekneskapi inn i kyrkjestolar;[1] ein for Flesberg- og Lyngdal-kyrkja og ein aaleine for Svene. Desse ting hev mykje aa segja, fyrst og framst for bygdesogugranskaren og elles for bygdi i det heile. Det er berre nokre einskilde prestegjeld, som hev kyrkjebok so langt (eller lenger) attende som Flesberg.[2]

Av ymse brev og ting ellest, som Hintz hev skrivi, fær me vita eit og anna um presten sjølv og dei kaar han livde i og attaat ein liten glytt no og daa av bygdi si soge ved 1700-tale.

Av desse skrivi etter Hintz ser me millom anna, at han kom i strid med Sibylla Pedersdttr, enka etter Anders Hanssøn Holt, som hadde embæte fyri honom, um ymse ting vedkomande uppgjere deim imillom, daa han skulde taka imot prestekalle, um bitalingsmaaten av den aattandeparten av prestens visse

---

[1]) Reknskapsprotokollar aat kyrkjune.

[2]) Diverre hev ein av dei seinare kyrkjebokane komi burt; truleg hev ho brunne upp.

inntektir, ho som presteenke hadde rett paa, og eit og anna elleſt.[1])

---

[1]) Anders Hanssøn Holt var fødd paa Holt prestegard 17/9 1638. Var fyrst kapellan i Kristianssands stift og sidan prest ved „Den danske menighed" paa Kongsberg. I 1686 vart han mot vilje og vitande flutt til Flesberg, og Flesbergpresten, Jørgen Nielssøn Kongsberg, flutt til Kongsberg. Gift 1683 med Sibylla Pedersdttr. Han døde i Flesberg 5/11 1688. Ho døde i Bragernes 1700 og vart gravlagd der.

Grunnen til, at Holt so tvert vart flutt fraa Kongsberg til Flesberg, var, at han og den tyske presten der, Johan Balthazar Hofmann, ikkje kunde forlikjast um innkomune og tenesti. Etter uppmoding fraa kongen kalla biskop Hans Rosing baae prestane til seg og sette upp dette regulative, som dei skulde ha aa rette seg etter:

„Efter hans kongl. Mayestæts, min Allernaadigste Herrue Herris oc kongis Allernaadigste befaling, udgifuen d. 15. January Sidstforleden, Hafuer Jeg begge Præsterne paa Kongsberg ladet for mig fordre til i Dag, da de sig begge indstillede: oc efter at jeg dennem flitteligen hafde forhørt fornemmis deres mellemværende misforstand derved, fornemmeligen at være foraarsaget, at den Tydske Præst tileigner sig kirke-tieniſten till Høymesse paa alle Festdage, huorved den Danſche Præst beklager sig indpass at skee, oc begierer at sligt i bedre Skik maatte bringis.

Formedelst saadan beskaffenhed, der, paa Allerhøyst bemeldte Hans kongelige Mayestæts Allernaadigste behag, erachter Jeg Allerunderdanigst, at det billigste Middel, til deris misforstand at dempe, oc Enighed mellem dem igien at Stifte, at Skall være dette, at mellem bemelte Præster een ligh[e]d baad[e] i Præste Embedis forrætning oc Indkomst sluttis og vedholdis. Thi de ere begge af Hans kongl.

Mayestæt Allernaadigst forordnede till evns tieniste, [Sproget undtaget]. Ingen af dem kaldis enten Sogne Præst eller Capellan, men den eene kaldis Dansk Prædikant, oc den Anden Tydsk Prædikant.

Ved Meenigheden paa Kongsberig er det ocsaa nu omstunder saa befattet, at i den Stad der neppe skall findis Sex tilhorere, som io [jo] kunde forstaa dansk Prædichen, saa findis derimod sammesteds nogle Hundrede som Tydsk Prædichen icke forstaae, Huilche ved det danske Tungemaal maa nyde Opbyggelse, formaning oc Trost till Saligheed.

Huorfore mellem benæfnte tve de Præster Saa lignis, Som Punct viis følger.

1.

Høymisse-Tieniste om Sondagen, oc alle Præstelige forrætninger i medfolgende Vge, Skulde atternere oc omvexle.

2.

Paa de 3 Høye Fester, Juel, Paaske oc Pintzefest skulle de ocsaa om hin anden forrette Høymisse, Saa at, efterdj den Tydske Præst giorde Tieniste till Høymisse paa forste Juledag, Saa bør den danske Præst forrætte tieniste till Høymisse forste Paasche-dag, oc den Tydske Præst paa anden Paasche-dag, oc siden den Tydske Præst forrætte Høymissen paa forste Pintze-dag, oc den Danske paa anden Pintze-dag, oc saa fremdeelis atternatim Men Høymissen paa Tredie Jule- Paasche- oc Pintze-dag henhører til den af Præsterne i huis Uge Høytiden indfalder.

3

Paa alle andre Fester forrætter den Præst Høymisse Tieniste, i huis Uge Festdage indfalder. Ligeledes forholdis paa Almindelig Bede dage, Som hans kongelige Mayestæt allernaadigst kunde behage at paabyde.

4.

Naar den Danske Præst gior Tieneste til Høymisse bør den Tydske Præst til Aften-Sang prædiche, oc saa alternatim. Men naar lig-prædichen paa Søndage eller Fester schall holdis, da forrættir den af den Præst, huis Uge er.

5.

Udj Herrens Nadveris administration bør den Præst, Som Alteret sammetid betiener, gaa for med brødet at uddeele, oc den anden følge efter med kalchen.

6

Syge oc Sengeliggende staar det frit for at lad· sig i Saligheds Sag betiene af huilchen af Præsterne de helst begierer.

7.

Ingen af dem maa tiltage sig n gen Mondighed ofuer den Anden eller giøre hannem nogen forfang, men huer sit Embede tage vare, Saa oc tiene hinanden, naar den eene den andens tieneste, ved Svaghed eller Anden fornødenheds fald behøfuer oc begierer.

Udj det øfrige bør de, saasom Retskafne Præstemænd oc Collega, i Ro oc Enighed Sammenlefue, oc, Som Meenighedens Exempler, baade ved lærdom oc lefnet, efter Guds Ord oc kongelige forordn nger, opbygge Guds kirche; paa det, Gud baade i lærere og tilhørere kand hafue behag, oc sin velsignelse af Tolfberg-Verchet Rigeligen forleene oc tid efter anden formeere!

Skulle nogen af ofte bemelte Præster her imod [det ey formodis] gifve nogen aarsage til misforstand oc Uenighed, Gud till fortørnelse og Meenigheden til forargelse, da, efter Sagens beviisligheder oc loflig medfart, bør han saa som Selfraadig oc Urolig med tilbørlig Straff anseis.

Fyrst skriv ho til prosten og sidan til biskopen og ber seg reint ille, at ho ikkje fær det, ho skal ha av hrr. Claus. Ho fortel soleis for provsten i 1689, at ho hev lòti fari fraa Flesberg til Bragernes til mors si, daa ho ingenting fekk aa liva av her i Rumedal. Paa dette breve hev Hintz nedanunder skrivi til: „O! idel løgn og falsk berætning i dette Brev, som med Tiden skal bevislig fremføres!"

I et brev, dagsett 24. aug. 1692, paa 8 store, tettskrivne sidur freistar han aa tala henne tilrette, elleſt so er saki dei imillom lagt i rettens hendar og skal avgjeraſt paa tinge paa Førli 24. septbr. s. a.

Millom anna krev ho godtgjering av honom for søndre Flesberg, som soknepreſt Anders Holt i si tid hadde fengi feſtebrev paa av futen. Hintz bruka garden berre eit aar og daa avla han 22 sumarlaſs høy og 2 tunnur korn „med sin halm" — „ej uden stor fortræd og forbrydelſe" — og bitala 25 rdlr. i skatt. Og det totte han var nok. Naar ho klagar, at ho og

---

Gud gifue, at Ordsens Tienere maatte bevise god Troschab, oc pryde Guds vor frelsers lærdom i alle Stocher.

Oslo Biſpeg. d. 6. Februarij 1684.

[Segl.] Hans Roſing."

Men det muna ikkje, og so laut dei daa koma fraa einannan. Holt tok seg mykje nær av dette, og han vart daa heller ikkje gamall mannen etter den dag.

mannen hennar hadde slik tap av garden, fordi dei hadde løyst bykslbrev paa'n, so trur han ikkje noko paa det; dei selde so mykje timmer or skogen, at dei var nok paa det turre soleis.[1])

So krev ho honom for ein hest, som han fekk, daa'n tok imot prestegarden. Til dette svarar Hintz: Han tok imot 2 hestar, daa ho gav ifraa seg kalle. Ein liten ein, som dei kalla „Jollen", som av 4 mann vart verdsett til 6 riksdlr. Denne hesten kjøpte bygdefolke sumaren 1686 for 11½ rdl. aat hr. Holt og han skulde fylgje honom og hans ettermenn i prestekalle. No var han „arrestera" hjaa presten, og ho og bygdefolke laut faa denne saki avgjort seg imillom paa hausttinge; han (presten) hadde ingenting med dette.

Den andre hesten, han fekk, var ein halt fillegamp, som vart verdsett til 1½ rdlr., men Hintz segjer, han er kje verd eit lass vinterfôr. Han reid „med stor fortræd" paa'n ut til Svene,

---

[1]) I søndre Flesberg (Sønstegard) aatte Flesberg prestebord 6 skinn og kongen resti, som var 2 hudir 6 skinn, tilsv. 3 hudir. I 1691 fekk Ola Hellekson Lande bykselbrev paa den deil av garden, som kongen aatte. Han skal bitala dei skattar, som fell paa garden og elleſt vera fri andre avgiftir, daa „huus og Hærberg, sampt Agger og Eng saa affjæret, forfalden, fordærvet og forraadnet er," at det ikkje er betre en ei oydemark. Men so skal han byggje upp löde, fjos og stogu der og gjeva upp före paa garden og fae'n i hevd og stelling att.

sundagen etter han hadde teki imot'n, so Svenesokningane kunde faa sjaa'n, og dei sa det same — hesten var ubrukeleg, og dei lova, dei vilde syte til ein annan gamp aat presten Fillegampen sett'n att derute, dei kunde ha'n kven som vilde, han vilde kje draga paa sovore. — Han tykkjer elleſt det var rart, ho ikkje fyrr hadde nemt noko um, at det var hennar hestar. Daa ho skulde flytja til Bragernes, bar ho seg ille, ho ingin rideheſt hadde aat seg sjølv eller til si føring. Han gav ho daa 2 rdlr. til leige seg rideheſt for. Hadde presteheſten skulja fari den lange vegen i skjussferd og attaat „Eders tro tiæner Sørn siddet ovenpaa Kloven, da hafde I nock beholdt den selv for mig." Elles var nok hesten vœl kjend paa vegen til Bragernes, stakar, naar derum skulde talaſt.[1])

Etter provstens avgjerd skulde Sibylla som presteenke ha aattandeparten av prestens visse inntektir som vart tvo tunnur 3 kvartel konn, og 5 bismarpund 12 merkar smør. I pengar

---

[1]) Gjenom Rumedal var berre rideveg i den tidi; ikkje fyrr i sysstningi av det nittande hundraaare vart det bygd køyreveg gjenom Rumedal. I 1830 var han ferdigbygd fraa Kongsberg til Vegglid.

Daa sylvverke paa Kongsberg kom i drift vart den fysste køyrevegen paa Kongsberg bygd; det var millom Kongsberg og Haugsund [i aari 1624—30]. I 1665 vart han bygd vidare til Drammen og Kristiania.

vart det rekna 8 rdlr. 1 mark og 12 skill. Fordi presten au gjorde teneſt som klokkar, fekk han eit lam av kvar gard og sume stader ein litin oste-knert attaat; men denne inntekti hadde ikkje presteenka nokon rett i. Enka klagar nyi, at ho ikkje fekk dette smøre og konne i rett tid. Ho vil ha det eit aar i fyrivegen. Hintz spor ho, um det er av vrangvilje, ho kjem fram med dette, eller ho er so dum, ho veit ikkje betre:

„I faar først give Qvinden stunder at kiærne og giøre Smøret reent, og salte det, og Manden sin tid at pløye, saae, høste og aftræske Kornet og saa oppebie den tid, som de vil unde os af Guds Velsignelse som hand har givet dem at nyde til vort ophold. I er altfor giærig, var ikke gott om I hafde mange landbønder, der skulde yde sin Aarlig landgilde til Eder" o. s. fr.

Det ser daa au ut til, at presten hev rett i det, at ho var girug og høl og hengi, der ho trudde seg til saa eit tak. Og ufint fór ho fram imot honom paa andre maatar au. Soleis hadde ho vori hjaa verfar hans, Anders Ibsøn, og bedi han bitala gjeldi aat Hintz, og til andre av skyldfolki og venine hans baade paa Kongsberg og andre stader hadde ho vori og fortalt um alt, ho hadde tilgode hjaa Flesberg-presten. So det hev vori so ei skjebbe, etter alt aa døme.

Fru Sibylla skreiv i eit brev til Hintz og fortel, at ho morgon og kveld vil beda Gud hevne dei, som gjer fatige, forsvarslause enkur ureit

„Jeg ynsker Eder til lykke i Eders Morgen- og Aften-bønner," skriv Hintz, „men see til at I beder icke ilde, befaler Herren hæfnen, det er hands Naar I beder om hæfn over dem, som giør, eller har giort Encker vitterligt imod, da ihukomme vel dend, som det giorde imod dend Encke, der var før Eder her i præstekaldet, Anne Sl: hr: Nielsses,[1]) een exemplariske og ustraffelige Encke, i det hun blev dreven av sin bolig paa Svænne, og maatte æj nyde det ringeste af Kaldet her aarlig, som dog hafde lagt saa mangen træt haand her til gaardens forbedring, og fick slæt belønning for sin velgiærning."

Svene er noverande gardsnr. 118, som Svene sokn hev namne etter.[2]) Garden hadde kanskje like fraa millomalderen høyrt presteborde i Flesberg til. I Pauell Huittfeltdts stiftsbok bli han kalla Prestegarden i Svene og

[1]) Enka etter sokn-prest Niels Rasmusson Lemvig — sjaa ovanfyre!

[2]) Etter som prof. Rygh meinar, kj m namne av Svinevju, ei evju, som vatne stundom minkar burt i. Garden ligg ved ei evju, som gjeng inn fraa Logen. Jfr. Norske gaardsnavn, Buskr. amt side 418.

hadde daa ei skyld av 4 kalvskinn. Det var i 1575. I 1664 fortel daaverande soknepreſt i Flesberg, Chriſtoffer Olluſſon (1635–1669), at han hadde bygt ei stogu der, for den gamle var utrotna, og at der var løde med laave og eit fjøs paa garden, og dei vart haldi vedlike. I det 17. aarhundra vart garden bruka til enkeſæte. Enkur etter Flesbergpreſtar hadde rett til bu der. Me høyrer soleis, at enka etter Niels Rasmusſøn Lemvig bli drivi derifraa av soknepreſt Holl. Det var det, Hintz bad Sibylla, som au hadde bruksrett paa Svene, etter ho vart enke, koma ihug, naar ho bad morgon- og kveldbønine sine. Naar det høvde so, det ingi preſtenke budde der, eller hadde bruksrett paa garden, hadde preſten han. Fraa 1828—40 hadde provſtinne Engelhart garden [1]) I 1837 bli ho uppmode til aa greide paa husi der. Enkefru soknepreſt Preus[2]) var den ſidſte preſtenka, som budde der.

Ved kongl. avgjerd dagſett 16. juli 1846 vart det faſtſett, at Flesberg enkeſæte kunde ſeljaſt for 600 ſpdl. Soknepreſt Wille melder i dette høve, at han ingenting hev funne i arkive um garden.

---

[1]) Provſt Anders Engelhart var preſt i Flesberg fraa 1783—1824, døde i Flesberg 1828.

[2]) Hans Henrich Preus vart utnemd til ſoknepreſt i Flesberg, men døde fyrr han tok imot kalle, 1832.

Den 14. desembr. s. a vart garden seld til lensmann Alexander Holter for 620 spdl.

— Koss det gjekk med saki millom hr. Hintz og fru Sibylla paa tinge paa Førli 24. septbr. 1692, hev eg ikkje kunne funne ut. Men eg trur kje Sibylla fekk stort medhald der.

Hermed lyt me la den saki kvile og sjaa paa eit par andre ting.

Etter Hintz finst det avskrift av eit brev til honom, dagsett Kristiania $^{30}/_{1}$—1698, fraa ei fru Karen Krabbe[1]) I dette breve fær me vita, at presten hev sendt ein ung, sjuk gut til frua. Det var vel aalment kjent, at ho tok seg av slike. Guten heiter Frederich-Arne Ulderickson og var uppfostra hjaa Reidar Morli (d. e. Molia). Frua fann, at han hadde tvo sjukdomar: 1. fallesjuke (fange, epilepci), 2. finskot („Eet fiinskud igienem livett"). Ved Guds, si eige og andre gode folks hjelp let ho ein „dreng" fylgje guten til Fredrikshald til ein prest, som heite herr. Hendrick, og han sende straks „noget" attende til frua for tri sjukdomar. Umfram dei tvo fyrrnemde hadde han funni ut, at guten var forgjord („besat"). Men fru Karen kjende ei kjering

[1]) Ja det er tenaren hennar, som etter hennar ynskje, hev skrivi breve, for sjølv kunde ho ikkje skrive „for sine aarsage skyld." Hintz kallar ho „dend høypriiselige, høy-adelige og velbaarne frue."

DRAMMEN FOLKEBIBLIOTEK Nr. 2

der i byen, (Kristiania), som gjord'n god for det. „Denne det paa hannem giorde, ved drængen self at frasiige." So hadde han teki inn drykkir, han hadde fengi av doktaren, og frua og „jomfruen" hadde gjevi han pengar til liva av i 14 dagar. Daa var karen god att, og ho sende honom heimatt til Flesberg og bed presten gjera ein „takksiigelse" for honom og faa dei folki, som hadde havt'n fyrr, til taka'n til seg att.

Presten lovar, han fraa preikestolen skal takka baade Gud i Himilen og den gode frua i Kristiania, fordi dei hev vori so gode mot stakaren.

Den 30. januar reiste guten fraa Kristiania, den 6. febr. ser det ut til, han kom til Prestegarden i Flesberg, og dagen etter reiste han attende til fosterfar sin, Reidar Molia.

Dette breve er forvitneleg, med di me fær vita, koss denne guten vart lækt for sjukdomane sine, som dei ikkje visste noko raad med her i heimegrendine. Han bli sendt til fru Karen. Ho maa sjølv ha vori noko av ein doktar, for etter som det luar i breve, er det ho, som hev funne ut, at guten hev finskøte og fange. Men sjølve meisteren er presten herr Henrick i Fredrikshall. Han uppdagar daa ogso, at Rumedalsguten attpaa er forgjord og sender medicin attende til frua for alle tri sjukdomane. Det er litt uklaart, men det luar mest

so til, som guten hev vori til ein skikkeleg doktar au der inne i Kristiania og fengi dryk-kir av honom. Men fru Karen hev visst ikkje havt noko tru paa, at medicinane hans Henrick i Fredrikshall muna noko til faa teki av guten, at han var forgjord, for ho sender honom til den kloke kjerringi. Men det lydest daa kje ut anna, enn presten hadde rett i, at han leid av denne sjukdomen. Ho lækte honom „ved drengen self at frasiige", heiter det. Det er soleis noko uklaart, koss kjerringi greidde dette vande arbeide. Men det maa vel vera meiningi, at ho hadde guten so i si magt, at ho fekk honom til segja seg laus i fraa dei vonde magtir. Derimot hadde ho ikkje slikt raadvelde yvi dei vonde magtir, at ho kunde truga deim til gjeva slepp paa guten. Eller koss det no kunde vera.

Ein ting kann ein koma til undrast paa: at guten vart so fort god att, naar det var so mykje, som vanta honom. Paa fjortan dagar bli han lækt for alt saman. Men soleis stend det daa i breve.

Ein annan ting vil ein au leggje merke til. Guten var forgjord, forheksa, „besat", og det er ingin ringare enn ein prest, som hev funne ut dette. Og me fær høyre, det er ei „Qvinde" i Kristiania, som gjer'n godatt for dette. Ho maa ha vori aalmennt kjend i byen

dor denne konsti si. Og at det paa denne tid var vanleg folkeiru, jamvæl millom dei mest upplyste baade i bygd og by, at folk kunne bli forgjorde, det ser me baade av dette breve og av mange andre ting.

Av eit anna dokument ser me, at presten Hintz hev vori eit egte baan av si tid, naar fet galdt slike ting. Det er ei bøn, som luar slik:

„Bøn om Sommeren for Qvæget og Creaturett, der er uddrevet paa de vilde Skonmarkker at samble deres føde etc.

O ævige Gud, som er alle Creaturers Skabere og Bevarere; du, som hiælper og føder Menniſken og Qvægett, og forsørger smaa fugle, ok lader ingen Spurre falde paa jorden foruden din Villie og Videnſkab, du ſom haver omſorrig for Kiør, Kalver, faar og andet Qvæg, og lader Græs og Høe voxe till deris føde. Vii befaler dig alt vort Qvæg, baade ſtort og ſmaat, bevar du, o naadige Gud og Barmhiærtigheds fader alt vort Qvæg fra de vilde og ſkadelige Diur, Biørne og Ulfve!

Bevar dem fra Dievelens troldom, og alle onde Menniſkers øyne, og lad vort Qvæg og Kreatur (: ſom vii nu har uddrevit paa den vilde Marck): vel trives og gafnes, ok ikke giøre hver andre ſkade, for vaar Herres Jeſu Chriſti ſkyld, ſom blev fød udi Bethlehem ibland Qvæ-

get, og blev der lagt i Krybben paa Høe og Halm, og haver i de unge lamb betægnett og tilkiændegivett os fattige folck siit eget offer. Herre hør og bønhør vaar Bøn og Begiæring!!"

Denne bøni hev han skrivi upp paa ein litin papirlap, som han truleg hev havt med seg i kyrkja. Det bile, folk laag paa sætrane med buskapen um sumaren, bad han denne bøni tillikis med dei andre kyrkjebønine, fortel soknepreist Hans Glad [1]) Og kannhende det var kje mindst andakt yvi kyrkjelyden, daa presten bad krøterbøni si. For her samstavast han heilt med soknebonni sine. Mangfolduge segnir og sogur i bygdi baade fraa eldre og nyare tid, um koss krøteri vart forgjorde, provar dette. Og folk bruka daa au ymse raadir til verja buskapen sin mot „Diævelens troldom og onde Menniskers øyne," som Hintz segjer. Soleis tjørukrosser yvi fjøsdynnane, viksling av mjølki av ei nybori kyr, mange slags bønir og løyndarord og mykje anna.

Og kunde ein anna vente av bygdefolki, naar dei, som lærarar skulde vera, ikkje var likare.

Eg hev kje høyrt, at denne presten fór med noko slags trolldomskonst sjølv.

Claus Hintz døde i Flesberg 3. mai 1700.

[1]) Hans Glad var soknepreist i Flesberg 1763—82.

Paa ei tinplate med utskori raame ikring er denne gravskrifti yvi honom inngravi:

Den i Livet Ærværdige
Flesberg Menigheds trofaste Sicæle-Hyrde
ok i Døden hos Gud meget Salige Mand
Her CLAUS JOKUMSON HINDS
Som var fød Aar 1641 d: 5 May Død 1705 d: 3 May
Er denne velfortiente GRAFSKRIFT Oprettet
af en trofast Vens Haand
I Kierlighed
Den i Guds Vingaard tiende tro
Ok ingen tid Lod Sig mishage,
Sit Embeds Byrde tung at Drage,
Hands Legem hviler her i roe
Dend ENOCH Vandrede med Gud,
Dend AARON Herrens Mundbud førte,
Dend JOJADA de Hierter rørte
Som lidet Skiøtte Laugens Bud,
med Saadan god Samvittighed
Sin Gud Hand tiente her i lifve,
At til Hands lof ret at beskrive
Er ej paa denne Plade sted.

Truleg er det Jens Nilsson Kongsberg, som hev kosta denne minnetavla au. Ho heng i sakristie i Flesberg kyrkje.

m 948.2642 FLA
Flatin, Tov
Kring ein Flesberg-prest ved 1700-t
06020190398002

m
948.26 F

2

Flatin. Tor:
Kring ein Flesberg-
prest ved 1700-tale.

A

DRAMMEN FOLKEBIBLIOTEK
BUSKERUD FYLKESBIBLIOTEK

Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket
76g252843